



Eit utsnitt av Røysterett for alle, 17. mai 2016

**Den årlege songarstemna i Hordaland er lagt til Os denne helga. Frå Kvinnherad er Rosendal songlag og Røysterett for alle to av 24 deltakande kor. Os mannskor er tilskipar, og kora er tildelte ulike konsertarenaer.**

Etter registrering, opptok og oppvarming skal Røysterett for alle ha sin fyrste konsert i kulturhuset OSEANA straks etter lunsj. Koret frå Uskedalen har fire songar på repertoaret, mellom dei **Folk i husan** med solistane Thor Ivar Hellesøy og Hallgjerd Hegland.

I kyrkja seinare på ettermiddagen skal Røysterett for alle framføra **Bøn** med tekst av Garborg, melodi og arrangement av dirigenten Maria Malmsten, i tillegg kjem **Ave Verum** med pianofylgje av Gro Skeie.

Heile 600 songarar fyller Os denne helga med god song under tittelen Leve songen. I kveld er det songarfest med festmiddag, program og dans. Litt artig er det at overnattingsplassen for uskedalskoret er Ulven leir. Å bu og overnatta i ein militærleir er truleg ei ny oppleving for mange av dei kvinnelege songarane. Uskedalen.no er lova bilete og innlegg frå songarstemna på Os.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
 Nett: Thor Inge Døssland